



**GULEN KOMMUNE**  
Plan, landbruk og teknisk

Landbruks- og matdepartementet  
Avd. for Skog og ressurspolitikk  
PB 8007 Dep  
0030 OSLO

|                       |           |
|-----------------------|-----------|
| Landbruks- og matdep. |           |
| Saksnr.: 2010/67-70   | Doknr.:   |
| Mottatt: 3 MAI 2010   |           |
| Saksben.: ASR/SEB     | Ark.: 410 |
| Kopi:                 | Avskr.:   |

**Referanse**  
10/367 - JP 10/1685

**Saksbehandlar**  
HTV

**Direkte telefonnr.**  
57 78 20 44

**Dato**  
29.04.2010

**Gulen kommune - merknader til framlegg til endringar i  
nydyrkingsforskrift**

Gulen kommune oversender med dette sine merknader til framlegget til endringar i *Forskrift om nydyrking*.

Med helsing

Håvard Tveit  
Landbrukskonsulent

**Vedlegg:**

Høring - Forskrift om nydyrking

Arkivsak: 10/367  
Løpenummer: 10/1594  
Arkivkode: FA-V30  
Saksbehandlar: Håvard Tveit

| SAKSGANG                                  |            |         |           |
|---|------------|---------|-----------|
| Styre, utval, m.m.                        | Møtedato   | Saksnr. | Saksansv. |
| Delegert hovudutval for plan og utvikling | 27.04.2010 | 038/10  | HTV       |

## Høyring - Forskrift om nydyrking

*Leiar for plan, landbruk og teknisk har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

### Sakstilfang:

Forslag til ny forskrift om nydyrking  
Høyringsnotat

### Vedtak etter fullmakt:

Gulen kommune går i mot dei føreslegne endringane i Forskrift om nydyrking.

### Saksutgreiing:

Bakgrunn for saka:

I samband med stortingsmelding nr. 39 (2008-2009), vert det synt til at eit av dei verksamme tiltaka landbruket kan bidra til reduksjon av klimagassar, er å stanse nydyrking av myr. Med denne bakgrunn, har Landbruks- og matdepartementet sendt ut på høyring ny Forskrift om nydyrking.

I forslag til ny forskrift for nydyrking, vert myr definert med torvlag meir enn 30 cm, og arealet skal vere over 2 dekar. Dersom det er meir enn 20 år sidan jorda vart slått, må det søkjast om nydyrking. I forslaget til ny § 6, vert det sett eit forbod mot å nydyrke areal som fell innanfor definisjonen av myr.

Vurdering:

I Gulen kommune er det registrert om lag 1400 dekar dyrkbar jord i aktive jordbruksområde. Nær alt dette er myr. Eit forbod mot nydyrking av myr vil i praksis medføre at ingen bruk kan utvide og utvikle eige ressursgrunnlag vidare. Dette vil skape uønska skilnader i utviklinga av landbruket mellom regionar i landet med og utan dyrkbare områder som ikkje er myr. Topografien og arronderinga i Gulen gjer at det i dag ikkje er tilgjengeleg ubrukt leigeareal som kan nyttast til effektiv landbruksproduksjon.

Administrasjonen ser at landbruket må ta sin del av utfordringa med å redusere utsleppet av klimagassar, men meiner at estimata for effektane eit forbod mot nydyrking vil ha, på noverande tidspunkt er for usikre. Dette er komplekse prosessar som forskingsmiljøa ikkje har eintydige svar på.

Dei samfunnsnyttige verdiane av eit aktiv landbruk og sikkerheit for eigen matproduksjon er heller ikkje tillagt vesentleg vekt i vurderinga.

**Konklusjon:**

Før ein set i verk eit eventuelt forbod mot nydyrking av myr, må det ligge til grunn ei vurdering med meir forskingsbasert og nyansert talgrunnlag som i større grad også tek omsyn til effektane tiltaket vil ha for andre samfunnsnyttige verdiar landbruket produserer.

**Dokumentliste:**